



Tilleggsinnkalling

Utval:	Næring- og miljøutvalet
Møtestad:	Hareid rådhus
Dato:	05.06.2019
Tid:	Kl. 15:00

Gyldig forfall skal snarast meldast til servicetorg og politisk sekretariat på telefon 70 09 50 00 eller politikk@hareid.kommune.no, som kallar inn vara. Forfallet skal grunngjevast. Varamedlemer møter berre etter eiga innkalling.

Medlemmer som er inhabile i ei sak vert bedne om å gi melding, slik at varamedlemmer kan kallast inn.

Møtet er ope for publikum, bortsett frå når det eventuelt skal behandlast saker som er unnatekne offentleg innsyn.

Saksdokumenter er publiserte på www.hareid.kommune.no.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
31/19	Innbyggjar- og lokaldemokratiundersøking 2019	19/1461

Hareid 05.06.2019

Kjetil Nasset
Leiar



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Eldrerådet	
	Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne	
31/19	Næring- og miljøutvalet	05.06.2019
32/19	Levekårsutvalet	05.06.2019
74/19	Formannskapet	11.06.2019
	Kommunestyret	

Innbygger- og lokaldemokratiundersøking 2019

Samandrag:

Hareid kommune har våren 2019 gjennomført to store brukarundersøkingar. Lokaldemokratiundersøkinga som er retta mot kommunestyrepolitikarane og innbyggerundersøkinga som er retta mot alle vaksne innbyggerar i kommunen.

Felles for begge undersøkingane er at det er fyrste gongen dei har vore gjennomført i Hareid kommune. Dei er derfor å rekne som 0-undersøkingar. Sjølv om undersøkingane samanliknar oss med andre kommunar i Noreg, er det for oss viktigare å kunne samanlikne oss med oss sjølve neste gang vi tek undersøkingane. Etter planen vil dette verte om 2 år.

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret tek resultatet av innbygger- og lokaldemokratiundersøkingane til vitande.

Vedlegg:

excelrapport fullstendig
Innbyggjarundersøking
kommentarar alle
snittkarakter alle spørsmål
snittkarakter per kategori
svarfordeling alle spørsmål

Saksopplysningar:

Hareid kommune har våren 2019 gjennomført to store brukarundersøkingar. Lokaldemokratiundersøkinga som er retta mot kommunestyrepolitikarane og innbyggjarundersøkinga som er retta mot alle vaksne innbyggjarar i kommunen.

Felles for begge undersøkingane er at det er fyrste gongen dei har vore gjennomført i Hareid kommune. Dei er derfor å rekne som 0-undersøkingar. Sjølv om undersøkingane samanliknar oss med andre kommunar i Noreg, er det for oss viktigare å kunne samanlikne oss med oss sjølve neste gang vi tek undersøkingane. Etter planen vil dette verte om 2 år.

Lokaldemokratiundersøkinga

KS har gjennomført denne undersøkinga på vegne av fleire kommunar i 2014 og 2018.

Dei skulle ikkje gjennomføre undersøkinga i 2019, men Hareid fikk tilgang til spørsmåla som vart stilt.

Hareid kommune har gjennomført ein forenkla versjon av undersøkinga. Det var berre kommunestyrepolitikarane inkl. første vara som vart spurt på Hareid, medan KS også har spurt eit utval av befolkninga elles. 20 politikarar svarte på undersøkinga

Vi har samanlikna Hareid sine resultat med det andre politikarar i Noreg har svart.

Resultatet av undersøkinga vart presentert for kommunestyret 11.4.2019. Kort oppsummert viser undersøkinga at kommunestyrepolitikarane på Hareid er nøgde med rolla som politikar og den påverknaden dei har, men at forholdet til administrasjonen kunne vore betre.

Innbyggjarundersøkinga

Undersøkinga blei gjennomført i løpet av to vekene før påske. Alle innbyggjarar som er 18 eller eldre (eller fyller 18) kunne svare. Det vart gjennomført omfattande informasjon til innbyggjarane om undersøkinga:

- Kort vart sendt til alle husstandar
- Plakatoppslag på sentrale stader i kommunen
- To oppslag i Vikebladet
- Artiklar på nettsida vår
- Til dels massiv merksemd på Facebook
- Det vart arrangert fleire hjelpestader for ikkje-digitalebrukarar, på biblioteket, to treff på Hadartun og på Seniorettreff på Frivilligsentralen

Vi fekk inn 844 svar. Det tilsvara 21 prosent av dei som kunne svare. Det er vanskeleg å måle om dette er bra eller ikkje. Tilsvarande undersøkingar har fått frå 16-30 prosent deltaking andre stader.

- 56 % av dei som svarte er kvinner.
- 30 % er mellom 18-39 år, disse utgjer 28 % av befolkninga i kommunen.

- 54 % er mellom 40-66 år, dei utgjer 34 % av befolkninga i kommunen.
- 17 % er over 67 år, dei utgjer 15 % av befolkninga.
- 50 % av dei som svarte har høgare utdanning, medan 20 % av innbyggjarane i kommunen har høgare utdanning.
- 80 % av dei som har svart har budd i kommunen meir enn 15 år.

Undersøkinga er ikkje vekta for desse feilkjeldene. Dette er altso ikkje ein representativ undersøking (som til dømes meiningsmålingar er). Ut frå vår vurdering er undersøkinga likevel relevant, då det var liten endring i svara etter kor mange som svarte. Vi tok ut rapport etter at dei 100 fyrste hadde svart. Svara endra seg lite fram til undersøkinga blei avslutta. (0,2-0,3 +/- poeng per svar).

Alle grad-spørsmåla er rigga slik at det er bra med høgt tal. 1 er minst/dårlegast, 6 er maks/best. Ingen av snittsvara er vekta, det vil seie at alle 80 spørsmåla tel like mykje i snitt-/totalskåren, sjølv om dei kanskje er mindre viktige eller omfattande.

Totalen for Hareid er 3,7 (snitt av alle 80 spørsmål), snittet på dei andre kommunane som har teke same testen i år er 4,1. Generelt ligg vi noko bak dei andre kommunane på alle parameter, men vi skal vere varsame med å sjå til dei andre kommunane. For det fyrste er det berre fem kommunar som har teke testen i år, vi veit ikkje kva kommunar det er og utvalet kommunar kan bli bytta ut til neste gong. Det kan gi store utslag.

Snittkarakter kategori	Hareid	Norge
Tjenestene fra din kommune - bruker	4,4	4,5
Tjenester fra din kommune - inntrykk	4,1	4,3
Næring og arbeid	3,9	4,0
Transport og tilgjengelighet i kommunen	2,9	3,3
Miljø i kommunen	4,9	4,8
Klima og energi	3,6	3,8
Natur og landskap og friluftsliv	4,0	4,3
Levekår	4,0	4,2
Bomiljø og senterfunksjoner i kommunen der du bor	3,2	4,1
Servicetilbudet	3,3	4,1
Boligtilbudet	3,6	3,8
Kultur og idrett	4,0	4,4
Utbygging og utvikling	3,1	3,7
Trygghet	4,9	4,9
Kommunen som bosted	4,4	4,7
Møte med din kommune	3,1	3,5
Tillit	3,4	3,8
Helhetsvurdering	3,1	4,0
Snitt totalt	3,7	4,1

Kort oppsummert er brukarar av tenestane meir nøgde enn dei som berre har eit inntrykk av tenestane. Barnehage, miljø og tryggleik er det Hareid skårar høgast på. Elles er det forbettringspotensiale på dei fleste områder.

Vurdering og konklusjon:

Resultatet av undersøkinga er formidla ut til sektorane og dei har starta arbeid med resultatet. Vi har innhenta umiddelbare reaksjonar frå sektorane, samt planar for

vidare arbeid.

Sektor for samfunnsutvikling:

- Forbetring av punkta som gjeld Samfunnsutvikling er i hovudsak ivareteke i pågåande utarbeiding av ny trafikktryggingssplan, eller at det er utarbeid tiltak som er/vert lagt fram i budsjettprosess.
- Klima, miljø og Friluft er ikkje forankra i organisasjonen og ansvar delegert.
- Sentrumsutvikling, møteplassar osv. er ivareteke gjennom pågåande Miljøgateprosjektet og realisering av parken.
- Sektoren vil elles arbeide med omdømme, likebehandling, service osv.
- Når det gjeld generelle merknader, vil ein først kartlegge og finne ut kva vi kan gjere noko med, deretter prioritere.
- Allereie no kan ein seie at mykje av tilbakemeldingane er knytt til prosjektgjennomføring av dei store byggeprosjekta.

Sektor for læring og kultur:

Barnehage - Ligg over snittet, noko som er veldig positivt. Det er god barnehagedekning i Hareid og alle får stort sett plass når det er behov. Foreldre blir positivt møtte og er i barnehagen kvar dag, så relasjonen blir tett. Vi ser dette i samheng med i kvalitetsplanar og utviklingsarbeid i sektoren. Kontinuerleg arbeid. Utvikla oss enno meir mot ein lærande organisasjon.

Skule - Her ligg vi på snittet for Noreg. Dette er vi stort sett fornøgd med. Skulane har historisk hatt mykje uro rundt seg med skulenedlegging. Dette talet viser at skulen har roa seg, og skulestrukturen har landa. Vi ser samheng her også med det gode utviklingsarbeidet i sektoren. At skule ligg lavere enn barnehage trur vi er naturleg i forhold til ulike kulturar og krav. Skular blir ofte samanlikna i media, ting går litt i berg og dalbane som gjer at innbyggjarane blir påverka. Vi tenkjer at skule er kompleks, vi må vise all positiv utvikling i media. Lovverk i skule/SFO og barnehage er ulikt. Vaksentettheita er ikkje som i barnehage, dette merkar nok foreldra. Må jobbe med positiv informasjon.

Fritidstilbod - Hovudtyngda ligg på fornøgde brukarar, sjølv om resultatet er litt under snittet. Her må vi i sektoren ta tak med nyåpning av ungdomsskafeen/klubben. Heilårleg UKM, nytt biblioteket etc.

Biblioteket - Dei fleste som svarar er positive. Her vil jo det kome eit kjempeløft med nytt helsehus og nytt bibliotek.

Kulturskulen - Umiddelbar reaksjon på resultatet var at dette må vi ta tak i. Har difor sett opp tre punkt som vi skal arbeide mykje meir med.

- Samarbeid - Jobbe mykje meir med å forbetre kontakt mellom skule og heim. Fleire felles foreldremøte. Kortare mellom føresette/lærar/elevmøter osv.
- Øving - Legge til rette for at borna finn gode rutiner på øving. Hjelp til, fylgje opp, vere positiv.
- Tolmod - Det krev tolmod å lære seg eit instrument, ha auge for detaljer i kunst eller kunne uttrykke seg gjennom dans. Viktige faktorar her er motivasjon. Hjelp over ein kneik. Inspirere.

Generelt for sektoren så er vekting mot det positive i skule og barnehage, ser litt

meir negativt på fritidstilbud til ungdom.

Sektor for velferd:

Sektoren har fokusert på korleis ein skal jobbe vidare med resultatet av undersøkingane:

- Kort orientering i leiar- stabsmøte (14.mai).
- Tema i leiar- og stabssamling 13 juni (deltakande møte).
- Gjennomgang i alle einingane innan medio september
- Gjennomgang i samarbeidsmøte mellom kommunalsjef - tillitsval/verneombod.
- Oppsummering i leiar- stabssamling sep/okt (fokus: samskaping).

Sentraladministrasjonen:

Sentraladministrasjonen ser at vi særleg må jobbe med omdømmet til kommunen og vil vurdere eit prosjekt på dette. I tillegg reknar vi med at vidare arbeid med god informasjon vil gi betre inntrykk av tenestane våre.

Resultatet av undersøkingane vil mellom anna vere tema på personalmøte 20.6.2019. Det som kjem ut av dette vil bli diskutert i leiarmøte i sentraladministrasjonen før vi tek det vidare med rådmannens leiargruppe.

Etterarbeid og analyse

Intern handsaming

Resultatet vert først drøfta i rådmannens leiargruppe. Så tek sektorleiarane det med sine leiarar og den enkelte einingsleiar med sine tilsette. Det vert sett mål og tiltak for vidare oppfølging som vert rapportert tilbake. Ei endeleg prioritering av eventuelle felles tiltak vert gjort i rådmannen si leiargruppe. Oppfølging av resultatet vert presentert i ei politisk sak. Det vert rapportering om gjennomføring og resultat i tertialrapport og årsmelding.

Politisk handsaming

Undersøkinga presenterast for kommunestyret før sommaren. Er det valår, vil det også bli gitt ein presentasjon for det nye kommunestyret – anten i møte eller i samband med folkevaldopplæringa.

Før kommunestyret skal den innom brukar- og fagutvala.

Tal frå undersøkinga skal nyttast aktivt i sakshandsaminga – både når ein leiter etter nye tiltak og når ein tar grep for å bevare eller betre noko som er omtala i undersøkinga. Det er viktig at undersøkinga blir referert i sakspapira når ho er ein del av sakskomplekset.

Namn
Rådmann

Kariann Bigseth
assisterande rådmann